



Yrkessjåførane i Kvinnherad vil ha fartsputer som eit fartsdempande tiltak, ikkje fartshumpar som her ved Busslomma.

Yrkessjåførar er storbrukarar av vegane i Kvinnherad. Det er særleg på Fylkesveg 500 Utåker - Mauranger. Sjåførane er vi svært uroa over den utstrakte og einsidige bruken av fartshumpar. Dette medfører svært uheldige helsemessige fylgjer for ei stor yrkesgruppe. Denne yrkesgruppa har mellom 100 og 200 passeringar dagleg over humpane, noko som langt frå er helsemessig forsvarleg. Her er utdrag frå eit brev til Vegstyresmaktene:

Eit særskilt tilhøve er at føreren av ein buss sit langt framom framaksel på køyretøyet og dermed får ei ekstra stor vipperørsle. Ein personbil har hjula plassert ute i hjørnene, medan store køyretøy har hjula eit stykke innunder og får difor ei heilt anna rørsle ved passering. Det medfører også store belastningar og slitasje på køyretøyet. Ambulansesjåførane deler også vårt syn. Dei opplever uheldige tilhøve ved t.d. utrykningar. På bakgrunn av dette meiner vi å ha eit legitimt krav om å verta tekne omsyn til når slikt arbeid på vegen skal planleggjast eller utførast.

Vi er sjølvsagt ikkje imot fartsdempande tiltak. Er det nokon som verkeleg ser kva som trengst, er det nok oss som er på vegen nærast døgnet rundt. Men vi er i mot sjølve utforminga av humpane. Vi ynskjer å få flest mogeleg av noverande humpar erstatta med fartsputer, og at på nye stader i størst mogeleg grad vert nytta slike. Desse har vist seg å ha like stor effekt samstundes som ulempene for nyttetraffikken vert betydelig mindre.

Det er utført målingar av Statens vegvesen, og konklusjonen er at desse gjer god fartsreduksjon. Kostnaden er omlag den same som vanlege humpar. Andre tiltak som fotobokser eller gjennomsnittsmåling er pr. i dag heilt fråverande, og bør vurderast nokre stader.

Når det no framover vert laga sykkel- og gangstiar i bygdene, er det viktig at desse vert skilt frå vegbana med autovern. Dermed vert behovet for fartsdempende tiltak i køyrebana for øvrig mykje mindre. Vidare må ein laga til opphøga fotgjengarfelt der dette er trong for, som er skikkeleg skilta og opplyste. Med desse tiltaka har ein allerede i god mon ivareteke tryggleiken til dei mjuke trafikantane.

Om Uskedalen skriv yrkessjåførane:



Ein yrkessjåfør i Kvinnherad har mellom 100 og 200 passeringar over fartshumpar på ein arbeidsdag.

Overgangen ved skulen er nedsliten på begge sider og må reasfalterast. Dobbelt slag i køyretøyet grunna slitasjen. Eventuelt andre stader i bygda må lagast som puter. Undergang må lagast mellom Korsnes/Ospelunden byggefelt grunna stor fotgjengar- og sykkelaktiviteter tvers over vegen.

Brevet er underskrive av Atle Jarle Bauge som er Ressursleder - Trafikkleder for område Kvinnherad, Hardanger og Voss.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Lars Wang/ Kristian Bringedal



Fartsputer er langt bedre og har same fartsdempende verknad. Foto frå Gjermundshamn.